



DET KONGELEGE  
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT  
*Statsråden*

Distriktssenteret - Kompetansesenter for distriktsutvikling  
Ogdalsveien 2

7713 STEINKJER

Dykkar ref

Vår ref  
09/333-1 KON

Dato  
30 JAN 2009

**Statsbudsjettet 2009 - Kap. 554, post 01 - Kompetansesenter for distriktsutvikling, driftsutgifter - Tildelingsbrev, overføringer og rapportering**

Kommunal- og regionaldepartementet følger opp Stortinget sine vedtak og føresetnader gjennom dette tildelingsbrevet, jf. Budsjett-innst. S. nr. 5 (2008-2009) og St.prp. nr. 1 (2008-2009) for Kommunal- og regionaldepartementet.

I tildelingsbrevet stiller departementet ei løyving på 21,5 mill. kr til disposisjon for Kompetansesenteret for distriktsutvikling (KDU). I brevet blir det òg vist til kva satsingsområde og mål som er gjeldande for KDU i 2009.

Departementet er avhengig av at rapporteringa for dei fastsette måla synleggjer måloppnåing for dei oppgåvene, midlane og fullmaktene som er delegert til KDU. Midlane skal brukast på ein effektiv og forsvarleg måte.

Tildelingsbrevet har følgjande disposisjon:

- I. Overordna målsetjingar for 2009
- II. Budsjettildeling
- III. Styringsdialog og rapportering

## **I. Overordna målsetjingar for 2009**

Departementet har utarbeidd hovudmål og arbeidsmål for programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk. Hovudmåla er:

1. Auka verdiskaping, sysselsetting og internasjonalt konkurransedyktig næringsliv
2. Gode lokale og regionale rammevilkår
3. Utvikla attraktive regionar og sentra

Tiltaka innanfor måla skal vera geografisk differensiert i hovudsak innanfor det distriktspolitiske verkeområdet.

KDU skal vera ein kunnskaps- og erfaringsbase og støttespelar for heilskapeleg og berekraftig utviklingsarbeid i distrikta. KDU skal innhenta, systematisera og formidla informasjon om lokale utviklingstiltak, aktivt gje rettleiing til lokale initiativ og aktørar og skaffa fram relevant dokumentasjon. I dette ligg det òg rettleiing til enkeltpersonar som fungerer som ildsjeler i lokalsamfunn og lokale frivillige organisasjonar med same føremål. Senteret skal aktivt medverka til kompetanseoppbygging om utfordringar i distrikta, og ha ei rolle som kompetanseorgan, rådgjevar og bidragsytar overfor nasjonale, regionale og lokale styresmakter i deira utviklingsarbeid. Det inneber at KDU må ha kunnskap om utfordringar og utviklingsarbeid innanfor distrikts- og regionalpolitikken, men med eit særleg fokus på strategiar og tiltak innanfor hovudmål 3 – utvikla attraktive regionar og sentra.

Departementet vil særleg peika på at det er viktig at KDU, i samarbeid med fylkeskommunane og andre styresmakter og verkemiddelaktørar, aktivt medverkar til å gjera kommunane i stand til vera ein god og kompetent samfunnsutviklar i eigne lokalsamfunn.

Distriktssenteret skal ikkje driva forskning og utgreiingsarbeid sjølv, men skal ha ei bestillarrolle og samarbeida med relevante FOU-miljø om å skaffa til veie relevant dokumentasjon og ny kunnskap.

KDU skal sjå til at oppgåvene blir utførde innanfor dei lover, reglar og rammer som gjeld, og sørgja for at arbeidet blir gjort innanfor god forvaltningsskikk.

### **Nærare om KDU sine mål og oppgåver**

#### *Strategiplan*

Den viktigaste oppgåva for Distriktssenteret i byrjinga av 2009 vil vera å slutføra arbeidet med å laga ein strategiplan for senteret. Denne planen må ha både eit kortsiktig og langsiktig perspektiv. På den eine sida er det viktig at planen reflekterer

sentrale og viktige aktivitetar i 2009, men det er òg viktig at denne planen gjev uttrykk for kva KDU vil arbeida med i eit lengre perspektiv. Planen bør vera ferdig utarbeida i løpet av første halvår 2009 og leggast fram på første styringsmøtet hausten 2009. Departementet legg til grunn at KDU rapporterer på kvart styringsmøte om status og eventuelle avvik frå denne planen.

I samband med utviklinga av strategiplanen, legg departementet til grunn at ein også arbeider vidare med å laga eit godt mål- og resultatstyringssystem. Ei ramme for mål- og resultatstyringssystemet skal vera ferdig innan utgangen av januar 2009, men departementet legg til grunn at det skal skje ei kontinuerlig utvikling av dette systemet. Mål- og resultatssystemet vil inngå som ein viktig del av strategiprosessen og bør av den grunn følgje tilsvarende framdriftsplan.

I samband med utarbeidinga av strategiplanen og mål- og resultatstyringssystemet, skal KDU òg laga ei risikovurdering. Denne skal integrerast i mål- og resultatstyringssystemet.

#### *Kunnskapsbasen*

Ei sentral oppgåve for KDU i 2009 vil vera å byggja opp ein kunnskapsbase for distrikta. Basen må byggjast opp over tid. I første omgang vil det vera viktig å byggja opp ein oversikt over

- Utviklingsprosjekt
- Sentrale utgreiingar
- Byggja opp kunnskap og oversikt over forskingsmiljø som er relevante for ulike utviklingsaktørar

Departementet forventar ikkje at basen skal vera ferdig utvikla i 2009, men den bør vera operativ på dei tre nemnde punkta ovanfor innan utgangen av september 2009.

#### *Nettstaden [www.distriktssenteret.no](http://www.distriktssenteret.no)*

Ein viktig kommunikasjonskanal for Distriktssenteret skal vera nettstaden. Departementet legg til grunn at det går føre seg eit kontinuerleg arbeid med å gjera nettsida til ei aktuell side, og at sida kan vera ein god kommunikasjons- og informasjonskanal.

#### *Omdømmearbeid*

Kommunal- og regionaldepartementet ynskjer å støtta opp under kommunar og regionar sitt arbeid for styrkje omdømme, mellom anna å heva kommunane og regionane sin kompetanse om fagområdet. Som ei oppfølging av innspel frå Bolystrådet har departementet sett i gong eit arbeid for å konkretisera forslaga på profilering og marknadsføring av distrikta. Dette er ein del av den overordna satsinga for å styrkje kommunen si rolle som samfunnsutviklar. Departementet har dei siste åra arbeidd med å utvikla konkrete læringsarenaer for omdømmearbeid gjennom omdømmeskolen med

faglege samlingar og nettstaden [www.regjeringen.no/ry](http://www.regjeringen.no/ry). I tillegg er fleire andre tiltak som inspirasjonsturnè og profileringsportal under utvikling.

Eit sentralt mål for Distriktssenteret er å overføra kunnskap til kommunane om ressursar og verktøy for lokal utvikling. Kommunal- og regionaldepartementet vurderer at [www.regjeringen.no/ry](http://www.regjeringen.no/ry) kan vera ein ressurs og eit verktøy for Distriktssenteret i dette arbeidet, og ynskjer å gå i dialog med Distriktssenteret om korleis dette arbeidet kan vidareførast. Når det gjeld omdømmearbeid, er det fleire aktørar som er aktive. Både KS og Innovasjon Noreg har opplæringsstilbod til kommunar når det gjeld omdømmearbeid. KRD vil ta initiativ overfor KDU for å få avklart ei eventuell vidareføring og ansvarsdeling knytt til omdømmeskolen og nettstaden ry. Dette arbeidet bør vera avklara innan 1. mars. Det vil òg vera aktuelt å drøfta andre tiltak.

#### *Kommunikasjon og informasjon*

KRD legg stor vekt på kommunikasjonsarbeid, mellom anna gjennom synleggjering av gode eksempel i distrikts- og regionalpolitikken. Distriktssenteret skal synleggjera oppnådde resultat på sitt område. Det er òg viktig at KDU på eit tidleg tidspunkt orienterer departementet om offentleggjering av utgreiingar som KDU har sett i gong. Departementet bed om at KDU når det er aktuelt, tek kontakt med departementet for avklaring av om politisk leiing i departementet skal delta i den konkrete synleggjeringa. Det må etablerast gode rutinar mellom KDU og KRD, slik at Distriktssenteret i god tid varslar om aktuelle saker som kan synleggjerast.

#### *Møteplassar*

KDU skal medverka til nettverksbygging, erfaringsoverføring og synleggjering gjennom å skapa nye og ta i bruk eksisterande møteplassar for kommunar og andre aktørar som er engasjerte i lokalsamfunnsutvikling. Departementet legg til grunn at dette arbeidet får høg prioritet i 2009.

#### *Administrative oppgåver og rutinar*

KDU vil i 2009 framleis vera under oppbygging. Dette gjeld òg med omsyn til å etablere gode interne system og rutinar for å ivareta administrative oppgåver. Dette gjeld særleg det å få etablert eit godt system for å handtera budsjettering, økonomistyring, personalpolitiske retningslinjer, IKT, post- og saksstyringssystem og internkommunikasjonssystem mellom dei tre kontora. KDU skal innan 1. oktober 2009 senda departementet ein overordna risikoanalyse. Vurderingar som viser høg risiko for at mål ikkje kan nåast, skal inkludera omtale av kva tiltak ein kan setja inn for å redusere risikoen. Som eit alternativ kan det òg uttrykkast eksplisitt at KDU tek/aksepterer den høge risikoen. Analysen skal gjerast i samsvar med fastsette arbeidsmål. Departementet skal haldast orientert ved eventuelle uventa endringar i risikobiletet. Strategiplanar og større utviklingstiltak i verksemda skal alltid byggja på risikovurderingar.

Distriktssenteret skal sjå til at det er etablert god intern kontroll. Effektive interne kontrollsystem skal sikra at fastsette mål og resultatkrav blir følgt opp, at ressursbruken er effektiv, og at verksemda blir drive i samsvar med gjeldande lover, forskrifter, retningsliner og anna relevant regelverk.

Dersom det i 2009 skulle bli aktuelt å setja i gong andre store arbeid, legg departementet til grunn at det vert drøfta i styringsmøta.

## II. Budsjettdeling 2009

Følgjande budsjett vert stilt til disposisjon for Kompetansesenteret for distriktsutvikling i 2009:

Kap.	Post		Sum i 1000 kr
554	01	Driftsutgifter	21 500

Kompetansesenteret for distriktsutvikling er gitt ei løyving på 21,5 mill. kr over kap. 554 post 01, driftsutgifter i 2009. Denne summen skal dekkja lønn og driftsutgifter til senteret. Deler av løyvinga skal også bidra til å utvikla ny kunnskap, kompetanseoppbygging og til å gjennomføra informasjonstiltak.

KDU skal ikkje forvalta verkemiddel som lån, tilskot eller liknande. Det er heller ikkje budsjettert med inntekter til senteret. Dersom senteret likevel har inntekter, får verksemda fullmakt til å overskrida løyvinga under kap. 554, post 1 Driftsutgifter, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3554, post 1 Diverse inntekter, jf. Budsjett-innst. S nr. 5(2008-2009) romartalsvedtak II.

## III. Styringsdialog og rapportering

Styringsdialogen mellom departementet og KDU består av kvartalsvise møte og følgjande hovuddokument:

- St.prp. nr. 1 (2008-2009)
- Departementet sitt tildelingsbrev
- Distriktssenteret sine kvartalsrapportar
- Departementet sine referat frå styringsmøta
- Økonomiinstruksen

Det skal vera gjennomgåande samanheng og konsistens mellom dei ulike styringsdokumenta, medrekna St.prp. nr. 1, tildelingsbrev, og KDU sin plan for

verksemda/sentrale styringsdokument. Alle styringssignal i tildelingsbrevet skal omhandlast i årsmeldinga.

Styringsmøta skal omhandla resultat- og måloppnåing, og dei utpeika satsingsområda skal viast mest merksemd i styringsmøta. Vidare skal møta nyttast for gjensidig informasjon om pågåande arbeid og aktuelle saker i KDU og departementet. Departementet innkallar og leier møta, og er ansvarleg for dagsorden og referat. Departementet sender referat frå styringsmøta til KDU med kopi til Riksrevisjonen.

Styringskalender 2009:

Møtedato	Frist for å senda dokumentasjon	Møte	Arrangør
4. mars	23. februar	Kvartalsmøte	KDU
10. juni	2. juni	Kvartalsmøte	KRD
16. september	7. september	Kvartalsmøte	KDU
9. desember	30. november	Kvartalsmøte	KRD

### Rapportering

Nedanfor følgjer ei oversikt over dei konkrete rapporteringane som er gjeldande for KDU i 2009.

#### *Kvartalsrapportar 2009*

Alle kvartalsrapportane skal innehalde desse punkta:

- *Satsingsområda og hovudmåla for 2009 med særleg vekt på*
  - *Eventuelle avvik*
  - *Graden av måloppnåing*
- *Økonomisk status*
- *Ei oversikt over utgreiingar som KDU har ansvaret for, der eventuelle saker av politisk interesse er markert*
- *Dersom KDU planlegg vesentlege endringar i si verksemd eller tek i bruk nye IKT-system, skal dette gå fram av kvartalsrapportane.*

#### Årsrapport 2008

KDU skal utarbeida årsrapport for 2008. Denne skal sendast departementet to veker før 2. kvartalsmøte 2009. Departementet vil sørgja for at den blir vidaresendt Riksrevisjonen. I årsmeldinga skal KDU presentera ei vurdering av året som har gått. Det skal òg vera ein omtale og vurdering av måloppnåing, samt ein omtale av sjukefråværet og status for likestilling. Departementet ber om at det blir rapportert på tiltak som er satt i gong eller blir planlagt i samband med reduksjon av sjukefråvær og fremjing av likestilling.

KDU må umiddelbart informera departementet om vesentlege avvik frå dei planar som er vedtatt eller som står i tildelingsbrevet og eventuelt fremja forslag om korrigerande tiltak.

### Viktige fristar for leveransar til KRD i samband med statsbudsjettarbeidet

Statsregnskapet 2008 - Stadfesting av førebels rekneskap/omposteringar	26.01.09
Statsregnskapet 2008 - Forklaringar	26.01.09
Statsregnskapet 2008 - Stadfesting av førebels rekneskap/omposteringar	02.02.09
Statsbudsjett 2009 - Forslag om tilleggsøyvingar og omprioriteringar i 2009-budsjettet (RNB)	10.03.09
Statsbudsjett 2010 - Innspel til statsbudsjettet	24.04.09
Statsbudsjett 2009 - Gjennomgang av rekneskapet pr. 30.04	18.05.09
Statsbudsjett 2009 - Overslag over behov for tilleggsøyvingar i nysalderinga	03.08.09
Statsbudsjett 2009 - Gjennomgang av rekneskapet pr. 30.06 - halvårsrapport	10.08.09
Statsbudsjettet 2011 - Forslag til satsingar	15.10.09
Statsbudsjettet 2010 - Spesifikasjon av driftsposter	16.12.09

Fristane kan bli justerte i løpet av året.

Med helsing



Magnhild Meltveit Kleppa

Kopi til:  
Fylkeskommunene  
Innovasjon Norge Hovedkontoret  
Riksrevisjonen  
SIVA - Selskapet for industrivekst SF